

**Setjefylkesmann i Sjøwall-saka**

02.08.2010

**Saka om byggjing av bustad for Per Arild Sjøwall går vidare og no ber Fylkesmannen i Hordaland departementet om å oppnemne setjefylkesmann for handsaming av saka grunna inhabilitet.**

Tidlegare i år har forvaltningskomiteen gjeve dispensasjon for frådeling av tomt i Klaivadalen men vedtaket vart påkla ga av Fylkesmannen.

Komiteen fann i juni ikkje grunn til å gjere om på kommunen sitt vedtak og saka er difor sendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Vedtaket er ikkje gjeve oppsetjande verknad til klagan er endeleg avgjort.